

## INVITASJON



Onsdag 11. oktober kl. 17 har vi premiere på det nye bildespelet Industripionerane - og Hordaland fylkeskommune er invitert til premieren i Odda kino. Arrangementet er ein del av Litteratursymposiet i Odda, og invitasjonen gjeld også opningsforestillinga til symposiet kl. 19 same dag.

Bildespelet Industripionerane er laga av Randi Storaas på oppdrag av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

Litt om innhaldet:

*Kraftutbygginga og industrireisinga i Norge er ei historie om store krefter, tunge mekanismar og beinhard kapital. Men det er òg ei historie om menneske. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum sitt nye bildespel set lyset på gründerane og ingeniørane som leia an i utviklinga. Kven var Albert Petersson eigentleg, og kva var det som dreiv Sam Eyde?*

*Vi følgjer Petersson og Eyde gjennom ulike fasar fram til dei tek avgjerande roller i Tyssedal og Odda. Begge bidreg sterkt til at vi her får eit innovativt industrielt kompetansemiljø i vest-Norge. Sam Eyde blir den første generaldirektøren i kraftselskapet AS Tyssefaldene. Albert Petersson blir direktør for karbid- og cyanamidfabrikkane i Odda. Sam Eyde får posisjon som den viktigaste industrileiaren fleire stader Norge. Albert Petersson får status som det moderne Odda sin far. Men mens den eine får nyta sin suksess i eit langt liv, får den andre eit tidleg og tragisk sorti. Gamle Sam Eyde skriv «Mitt liv og mitt livsverk» før han andar ut. Albert Petersson opplever at kona Leonie døyr i barsel. Fire tunge år seinare, ei augustnatt i 1914, forsvinn han sporlaust frå rutebåten mellom Odda og Bergen.*

*Historia om industripionerane er ei historie om mot og dyktigheit, om ære og makt. Og som alltid når det handlar om menneske: om kjærleik og sorg. Dette er vevd saman med dei ytre føresetnadene som fanst i tida. Framstega skjedde fort innan teknologi, kjemi og økonomi, både nasjonalt og internasjonalt. Bildespelet handlar om kapital, med vekt på humankapitalen.*

I premiereprogrammet deltek:

Hadle Reisæter, skodespelar

Helene Seim, administrerande direktør for Boliden Odda AS

Randi Storaas, skaparen av bildespelet

Knut Markhus, direktør for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Send svar til [post@nvim.no](mailto:post@nvim.no) om representantar frå Hordaland fylkeskommune ynskjer å vera med.

Hjarteleg velkomne!

Beste helsing

Knut Markhus,  
Direktør Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum